

Til:

Cecilie Middelthon Skretting	FAU
Eldbjørg Engelsvoll	FAU
Lars Ove Nesvik	FAU
Linda Eilen Viste Bø	frå anna personal
Filip Natanael Bøe	frå elevrådet
Snorre Varhaug	frå elevrådet
Åse Margrethe F. Nair	frå pedagogisk personal
Wibecke Natås	politikar
Johan Omlandr	rektor/sekretær
Maibel E. Togstad	vararep. anna personal
Erlend Kvia	vararep. pedagogisk personal
Egil Torland	vararep. politikar

Dykkar ref.

Vår ref.
17/4422 KSAArkivkode
035 A20Dato
07.02.2017**Varhaug skule - referat frå møte i SU - 06.02.2017**

Dato: 06.02.2017

Tid: 19.00

Tilstades: Cesilie Middleton Skretting, Eldbjørg Engelsvoll, Lars Ove Nesvik Linda Eilen Viste Bø, Snorre Varhaug og Johan Omland

Forfall: Wibecke Natås, Filip Natanael Bøe og Åse Margretge F. Nair

Saker:

01/17 Godkjenning av referat og innkalling.
Ingen kommentarar

02/17 Innspel frå foreldre om små klasserom på 2. trinn.
Det har kome innspel til FAU-representantar om små tronge klasserom på 2. trinn. Dette er i det bygget som skal rivast. Skulen har gjort eit grep på ein slik måte at det minste rommet ikkje lengre vert brukt til klasserom. Det fungerer nå som grupperom. Elevane på den eine 2. klassegruppa er fordelte på dei andre gruppene.

03/17 Innspel frå foreldre om manglande læremiddel
Nokre foreldre reagerer på at skulen ikkje held elevane med passar, linjal og gradskive. Dette skal elevane sjølvsgagt ha og skulen har kjøpt inn. Vert utstyret øydelagt, må elevane kjøpa nytt sjølv.

04/17 Tilbakemelding frå møte om «Partnerskap mot mobbing»
Varhaug skule kalla inn til møte om «Partnerskap mot mobbing» i Varhaug-bygda den 25.01.17. Her deltok 30 personar frå barnehagar, skular, organisasjonar og lag. Etter ei innleiing delte me i grupper og diskuterte kva me kan gjera i eigen organisasjon og kva me som bygd kan gjera. Oppsummerte tilslutt. Det kom inn mange gode forslag, og det vart sett ned ei gruppe som skal arbeida vidare med innspela. Spennande og viktig arbeid.

Eventuelt:

Hyttebygging ved Leksaren

Underteikna fortalde at elevane har fått tilbod om å byggja hytter ved Leksaren. Elevane har levert inn skriftleg søknad til initiativtakar Arnstein Skretting. Nokre elevar gjer dette i skuletida/SFO medan andre gjer det på fritida. Kjempebra tilbod!

Tankar om endring av skuledagen på tysdagar

Underteikna lufta tanken om å slutta tidlegare på tysdagane. Ein del elevar har bare 25 minutt undervisning etter midttide og mat. Desse minutta kunne me flytta slik at elevane kunne gå heim mellom 11.00 og 11.30. Det kom innspel både for og imot. Viktig å koma ut med tidleg informasjon viss me skal gjera ei slik endring.

Nytt skulebygg/midlertidige løysingar

Bygningsavdelinga i kommunen ser på ulike midlertidige løysingar frå hausten 2017 til nybygget er ferdig.

Skulen ønskjer brakker på parkeringsplassen nord for adminstrasjonsbygget. Då kan elevane nytta skulen sitt uteområde og fellesareal (bibliotek, kantine ++). Ein vil heller ikkje bruka mykje tid på flytting av elevar og utstyr. Parkeringsareal kan me leiga hos Ole G eller på misjonshuset.

Frå elevrådet

Litt baksnakking. Tiltak: seia frå til vaksne.

Med helsing

Hå kommune

Johan Omland
rektor/referent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur